

Johansen Reidun

Fra: kjell.skaflestad@naustdal.kommune.no
Sendt: 24. juni 2004 08:13
Til: Postmottak SOS
Emne: Høyringsuttale - Brukarbetaling Pleie- og omsorgstenester

Sosialdepartementet.

Naustdal kommunestyre har i møte 17.06.2004 gjort vedtak om fylgjande uttale til Sosialdepartementet sitt høyringsbrev av 23.03.2004, om Brukarbetaling i Pleie- og Omsorgstenestene:

Uttalen er organsiert i samsvar med spørsmåla i høyringsbrevet frå Departementet.

1. Årvisse budsjettoverskridingar innafor pleie og omsorg, trass i fleire nedskjeringstiltak og tenestekutt, illustrerer kommunen sitt behov for å betre finansieringa av naudsynte omsorgstenester til innbyggjarane. Endringar i det todelte systemet for brukarbetaling har ikkje vore vurdert som noko vesentleg verkemiddel i denne samanheng.
2. Som fylgje av ei utvikling mot at heimesjukepleien yter stadig meir omfattande omsorgstenester heime hos innbyggjarane eller i omsorgsbustadar, ser ein det som fornuftig at det kan bli utvikla eit einheitleg betalingssystem der betalinga vert knytt til dei faktiske ytingane frå kommunen.
3. Med store variasjonar i kommunane sin økonomiske situasjon, ser ein det av omsyn til brukarane fornuftig at det vert fastsett statlege reglar for nivået på brukarbetalinga.
4. Ein ser det ikkje formålstenleg å utvide kommunane sitt finansieringsansvar for institusjonstilbod til også å gjelde tilbod i heimetenestene og omsorgsbustadar.
5. Alle innbyggjarar bør ha like rettar til ytingar frå folketrygda, legemidlar på blå resept og Husbanken si bustøtteordning, utan omsyn til kvar ein bur eller korleis kommunale omsorgstenester vert organisert.

Møtebok frå Kommunestyret vert ettersendt i vanleg post.

mvh Kjell Skaflestad
rådgjevar

Kjell Skaflestad Tlf. arb: 57 81 61 22
Espeland Tlf. priv: 57 81 81 94
6817 Naustdal Mobil: 91 18 89 90
kjell.skaflestad@naustdal.kommune.no

Sosialdepartementet	
Saksnr.: 200400689	Dok.m.: 142
Arkivkode: 311.31	Journ.dato 30.06.04
Avd.: SKO	Saksbeh.: SAB
U.off.:	

NAUSTDAL KOMMUNE

MØTEBOK

SAK NR.: Utval: NAUSTDAL KOMMUNESTYRE

37/2004 Sakshands: KJELL SKAFLESTAD

HELSE- OG SOSIALKOMITEEN		Møtedato:	Sak nr.:
		07.06.2004	11/2004
Jour.nr:	Arkivnr:	Møtt:	Mappe:
2004/1218			
Sakshandsamar: KS		Avgj. av: K	

NAUSTDAL KOMMUNESTYRE		Møtedato:	Sak nr.:
		17.06.2004	37/2004
Jour.nr:	Arkivnr:	Møtt: 21 av 21	Mappe:
2004/1218			
Sakshandsamar: KS		Avgj. av: K	

HØYRING OM BRUKARBETALING I PLEIE OG OMSORGSTENESTER

Vedlegg:

- Høyringsbrev datert 23.03.2004 frå Sosialdepartementet - -brukerbetaling pleie og omsorgstjenester
- Samandrag frå Høyringsnotat 23.mars 2004 – Brukerbetaling for pleie og omsorgstjenester.

Andre saksdokument: (ikkje vedlagt)

- Sosialdepartementet : Høyringsnotat 23.mars 2004, Brukerbetaling for pleie- og omsorgstjenester. (Tilgjengeleg på denne internettadressen: http://www.odin.dep.no/filarkiv/203377/Brukerbetaling_horing_230304.pdf)

Saksopplysningar:

Saka har samanheng med Stortingsmelding nr 45(2002-03) om betre kvalitet i dei kommunale pleie og omsorgstenestene. Sosialdepartementet har utarbeidd eit høyringsnotat som drøftar ulike sider ved betalingsordningane for sjukeheimstilbod og heimebaserte omsorgstjenester. Endringar i dagens ordningar vil få konsekvensar for mange brukarar, pårørande og kommunane. Høyringsnotatet drøftar i kva grad dagens finansierings- og brukarbetalings-ordningar er tilpassa utviklinga i pleie- og omsorgstenesta, og det blir beskrive ulike alternativ til dagens todelte system.

Departementet ber om svar på fylgjande spørsmål:

1. Bør dagens todelte system for brukarbetaling og finansiering i hovudtrekk vidareførast, eller er det behov for større endringar?
2. Vil et einhetleg system for brukarbetaling der betalingen knytes til bolig, daglige utgifter og egenandeler for de faktiske tenester som ytes være mer hensiktsmessig enn dagens todelte system for brukarbetaling i og utenfor institusjon?
3. Bør staten fastsette regler for nivået på brukarbetaling, og i tilfelle i hvilken grad, eller bør dette være opp til den enkelte kommune å avgjøre?
4. Bør kommunens helhetlige finansieringsansvar for tilbudet til beboere i institusjon utvides til å omfatte en større gruppe brukere av pleie og omsorgstjenester, for eksempel beboere i omsorgsboliger. Finnes det eventuelt en bedre avgrensning av kommunens finansieringsansvar?
5. Bør beboere i institusjon ha de samme rettigheter som brukere utenfor institusjon i forhold til hjelpemidler fra folketrygden, legemidler på blå resept og Husbankens bostøtteordning?

Vurdering:

Med kommunen sin økonomiske situasjon som bakteppe, er ei vinkling mot korleis endringar i betalingsordningar vil påverke kommunen sine samla utgifter og inntekter eit naturleg utgangspunkt. Det er ikkje mogleg å sjå eit eintydig svar på dette spørsmålet, då verknadene vil vere påverka av fleire usikre moment som t.d. klientane sitt hjelpebehov og økonomi. Rådmannen trur likevel at overføring av dei betalingsordningar som ligg til grunn for heimebaserte tenester til også å gjelde institusjonsbebuarar, vil kunne medføre ein reduksjon i kommunen sine samla utgifter. Høyringsdokumentet legg i hovudsak til grunn ei vidareføring av dagens fordeling av finansieringsansvar mellom stat, kommune og brukarbetaling.

Rådmannen vurderer elles ikkje endringar i betalingsordningar til å skulle ha vesentleg innverknad på kommunen si organisering av omsorgstenestene. For den einskilde tenestemottakar vil endringar i betalingsordninga kunne bety mykje. Endringane vil likevel kunne slå svært ulikt ut alt etter den einskilde sin situasjon, behov og økonomi, og er lite relevante å ta omsyn til ved ein kommunal uttale til Høyringsdokumentet.

Tilråding:

Naustdal kommune gjev fylgjande uttale til Sosialdepartementet sitt høyringsbrev vedk. brukarbetaling for pleie- og omsorgstenester.

1. Årvisse budsjettoverskridingar innafor pleie og omsorg, trass i fleire nedskjeringstiltak og tenestekutt, illustrerer kommunen sitt behov for å betre finansieringa av naudsynte omsorgstenester til innbyggerane. Endringar i det todelte systemet for brukarbetaling har ikkje vore vurdert som noko vesentleg verkemiddel i denne samanheng.
2. Som fylgje av ei utvikling mot at heimesjukepleien yter stadig meir omfattande omsorgstenester heime hos innbyggerane eller i omsorgsbustadar, ser ein det som fornuftig at det kan bli utvikla eit einheitleg betalingsssystem der betalinga vert knytt til dei faktiske ytingane frå kommunen.

3. Med store variasjonar i kommunane sin økonomiske situasjon, ser ein det av omsyn til brukarane fornuftig at det vert fastsett statlege reglar for nivået på brukarbetalinga.
4. Ein ser det ikkje formålstenleg å utvide kommunane sitt finansieringsansvar for institusjonstilbod til også å gjelde tilbod i heimetenestene og omsorgsbustadar.
5. Alle innbyggjarar bør ha like rettar til ytingar frå folketrygda, legemidlar på blå resept og Husbanken si bustøtteordning, utan omsyn til kvar ein bur eller korleis kommunale omsorgstenester vert organisert.

HANDSAMING I HELSE- OG SOSIALKOMITEEN

VEDTAK :

Tilrådinga vert vedteken, samrøystes.

SAKSORDFØRAR: Marit Varpe Kaasen

HANDSAMING I NAUSTDAL KOMMUNESTYRE

VEDTAK :

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Rett utskrift.

Dato : 25.06.04


